

## Små samlingar til glede



Koronaåret har gjeve oss mange nye erfaringar frå det kyrkjelege arbeidet. Vi har stadig funne nye måtar å vera kyrkje på. Når vi no lyttar til forteljingar frå kyrkjelydar rundt i landet kjem det fine historier om gudstenester, dåpssamlingar og samtalar som har funne stad med berre nokre få menneske i kyrkjerommet.

Menneske i både glede og sorg har vorte møtt på gode måtar, og møta har vore prega av nærliek og varme. Med få menneske til stades har det blitt god dialog, og mange seier at desse små samlingane har vore verdifulle og viktige midt i ei krevjande tid.

Det er godt å høyra slike historier. Desse forteljingane og erfaringane må vi ta vare på og henta fram når vi etter kvart skal hente kunnskap om året som har vore så annleis for oss alle.

I årsrapportane frå bispedøma er det mange som skriv om desse små samlingane. Årsrapportane er interessant lesing og til inspirasjon, og du kan lese dei på lenka under.


Olav Fykse Tveit  
Preses

[Her finn du årsrapportane](#)

**Vi vil høyre frå deg!**

Kva meiner du om nyheitsbrevet? Bruk gjerne 3 minutt på å gje dine tilbakemeldingar i undersøkinga på lenka under.

### [Undersøking om nyheitsbrevet](#)



## **Oppmading til kyrkjeverjene: Sjå e-post om tilslutningsavtalar**

Kyrkjeverjene har dei siste dagane fått tilslutningsavtalar om personvern og informasjonstryggleik til signering. E-posten har kome frå House of Control på vegne av tryggleiksutvalet i Den norske kyrkja. Ta kontakt om du ikkje har fått den. Fredag 7. mai kl. 09-10 er det webinar med meir informasjon der det òg vert mogeleg å stille spørsmål.

[Les meir og ta kontakt her](#)



## **Er din kyrkjelyd med på årets solidaritetsaksjon?**

– Eg håpar mange kyrkjelydar også i år blir med å styrke våre søsterkyrkjer, seier biskop i Agder og Telemark. *Saman som kyrkje i heile verda* er kyrkjelydane sin eigen aksjon som startar Kristi Himmelfartsdag. I fjor vart det samla inn to millionar kroner til våre søsterkyrkjer.

[Les meir om aksjonen](#)



## **Studier i sanning- og forsoningsarbeid**

VID Tromsø startar opp eit praksisorientert vidareutdanningstilbod som gjev kyrklege medarbeidarar kunnskap og verktøy knytt til spørsmåla som fornorskingshistoria og kommisjonsprosessen reiser.

[Les meir om tilbodet](#)



## Ny høyring: felles sokneråd for fleire kyrkjelydar

Kyrkjemøtet skal fastsetja nærmare reglar for særordninga med felles sokneråd for fleire kyrkjelydar i same kommune. Framlegg til desse reglane er no på høyring.

[Her finn du alle høyringar](#)



## Hugs allmøte onsdag 28. april

Siste onsdag i kvar månad er det allmøte for heile trussamfunnet. Neste møte er i morgen, onsdag 28. april klokka 09.00-09.30. Møtet blir tolka til tekinspråk, og du kan sjå det i opptak når det passar deg.

[Her finn du møtet](#)

## Webinar og frukostmøte



### Gudstenesta - for alle?

29. april kl 09.00: [Les meir og meld deg på her.](#)

### Salmar frå vår tid

6. mai kl 09.00: [Les meir og meld deg på her.](#)

### For kyrkjeverjene: Tilslutningsavtalar for informasjonstryggleik og personvern

7. mai kl 09.00: [Delta i møtet på Teams](#)

### Korleis kan kyrkjer finne nye vegar i å kommunisere dåp i vår tid?

10. mai kl. 13-15: [Les meir og meld deg på her.](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på [ressursbanken.no/webinar](#)

---

## Fekk du med deg desse sakene?



### 70 har søkt presteutdanning

70 personar har søkt om å starte prestestudiet i 2021. Det er stabilt samanlikna med året før.

[Les meir her](#)

### Folket i Myanmar treng vår solidaritet

Vald mot minoritetar i Myanmar er veksande, og folk treng no forbøn og solidaritet frå oss.

[Les meir her](#)

### Treng du pengar til ein god idé?

No kan kyrkjelydar og andre søke om prosjektmidlar til diaconi, trusopplæring, kyrkjeleg undervisning, barne- og ungdomsarbeid, kultur - og mykje mer. Det er 9,5 millioner kr i potten.

[Les meir her](#)

---

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaaet](#).



DEN NORSKE KYRKJA

---

[krpostmottak@kyrkja.no](mailto:krpostmottak@kyrkja.no)